

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 21.09.2021

**Arve Helle (A)** stilte spørsmål om han er inhabil fordi han er styremedlem i E134 Haukelivegen AS. Helle trådte frå under spørsmålet om han var inhabil. Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Helle var inhabil, jf. forvaltningslova § 6 (1) bokstav e nr.2. Helle gjekk frå under behandling av saka.

**Aleksander Øren Heen (SP)** sette på vegner av SP, A, MDG, SV, V fram slikt forslag:

«Alternativ

Fylkesutvalet syner til generalforsamlinga i E134 Haukelivegen og til referatsak RS90/2021 i fylkesutvalet i Vestland der det kjem fram at Vestland fylke sin eigarrepresentant røysta mot endra kostnadsfordeling. Dette er i tråd med fylkesutvalet si handsaming av saka i forkant av generalforsamlinga.

Bakgrunn for at Vestland fylkeskommune ikkje røysta for er at me ynskjer ein gjennomgang av våre økonomiske forpliktingar ovanfor alle interesseselskapa me er med i for å sikre likebehandling av desse. Fylkesutvalet har registrert at det er stor skilnad på kor store beløp fylkeskommunen bidreg med i dei ulike selskapa.

Fylkesutvalet ynskjer ikkje å blokkere andre eigarar sin moglegheit til å yte eit større økonomisk bidrag, men Vestland fylkeskommune kjem for eigen del ikkje til å betale ut eit større bidrag enn scenario A, med 3 % auke i inntekter og kostnader, før ein har hatt ein gjennomgang av alle selskapa og konkludert på prinsipp for økonomiske bidrag til desse.»

**Silja Ekeland Bjørkly (H)** sette på vegner av H, FRP fram slikt forslag:

«Alternativ - nytt tredje avsnitt i Øren Heen sitt forslag

Fylkesutvalet ynskjer ikkje å blokkere andre eigarar sin moglegheit til å yte eit større økonomisk bidrag, og Vestland fylkeskommune kjem difor til å betala ut eit bidrag i tråd med dei andre eigarane, men varslar ein gjennomgang av alle selskapa der ein går gjennom prinsipp for økonomiske bidrag til desse før utbetaling for 2023.»

### Avrøysting

Øren Heen sitt forslag i avsnitt 1 og 2 vart samrøystes vedteke.  
Ekeland Bjørkly sitt forslag fekk 6 røyster (KRF, H, FRP) og fall.  
Øren Heen sitt forslag avsnitt 3 vart vedteke mot 6 røyster (KRF, H, FRP).

### Vedtak

Fylkesutvalet syner til generalforsamlinga i E134 Haukelivegen og til referatsak RS90/2021 i fylkesutvalet i Vestland der det kjem fram at Vestland fylke sin eigarrepresentant røysta mot endra kostnadsfordeling. Dette er i tråd med fylkesutvalet si handsaming av saka i forkant av generalforsamlinga.

Bakgrunn for at Vestland fylkeskommune ikkje røysta for er at me ynskjer ein gjennomgang av våre økonomiske forpliktingar ovanfor alle interesseselskapa me er med i for å sikre likebehandling av desse. Fylkesutvalet har registrert at det er stor skilnad på kor store beløp fylkeskommunen bidreg med i dei ulike selskapa.

Fylkesutvalet ynskjer ikkje å blokkere andre eigarar sin moglegheit til å yte eit større økonomisk bidrag, men Vestland fylkeskommune kjem for eigen del ikkje til å betale ut eit større bidrag enn scenario A, med 3 % auke i inntekter og kostnader, før ein har hatt ein gjennomgang av alle selskapa og konkludert på prinsipp for økonomiske bidrag til desse